


Olaf Agnar Gausvik si bok "Det droplar og dryp" som kom ut i vår, selde forrykande i starten. Dermed måtte forfatteren få trykt opp nytt opplag ganske så fort. Også av 2. opplaget har salget gått svært godt og framleis er det god interesse for boka.



Olaf Agnar Gausvik: "Det droplar og dryp" **Stettstulforlaget**

Olaf Agnar Gausvik er fødd i Uskedalen i Kvinnherad i 1942. Etter å ha studert reisefag og geografi ved Universitetet i Bergen vende han attende til heimkommunen som lærar i ungdomsskulen. Ved sida av skulegjeringa har han heilt frå unge år tynta med skrivning. Det har vorte alt frå lemmendar til Søndagsposten, småvers og visor for lokalavisa, prologar til Lille høgsider, og jubileumsskrift til lag i bygda. I to år gjorde han skrivings- til heldagsarbeid som bladtyk i lokalavisa Kvinnheringen der så godt som alt som hende i kommunen, fekk omtale.

Ja, bladet vart av NRK utnemnd til beste agurknyttars den sommeren. Om dette var å rekna som eit heidersteikn, kan vel diskuteras. Ei nyoppretta stilling som sosialfænar, førde pedagogien tilbake til skuleverket.

Gausvik var og innvald for Venstre i Kvinnherad kommunestyre og sat i formannskapet ein periode.

I 1999 gjorde familien Gausvik sørfendingar av seg. Vegen vart dermed kortare til feriestaden derra i Gdynia i Polen der de er å finna dei av året.

Nærare kjendslap til sørfandvisene og den lune humoren på "den blode lyststriben", inspeerte til mangt eit bidrag til spalten "Oss sørfendinger imellom" i Fædrelandsvennen.

I denne boka er det samla svært mykje av det Olaf Agnar Gausvik har skrivt til nå. Det er difor ikkje noko ensarta bok. Her er underfundige korvers og lettbeinte visor med ein ende fram og folkelig humor, og her er dikt som er fenta frå tyngre stunder. Men slik er det vi menneske moter livet.

ISBN 82-92441-38-7 STREKKODER

Olaf Agnar Gausvik:
Det droplar og dryp
Stettstulforlaget

Sist søndag vart boka bydd fram for sal under museumsdagen på Rød, og interessa var god. Salget gjekk bra, og det er verd å nemna at fleire ønskte helsing frå forfatteren i boka. Dette let seg greitt ordna dersom fleire ønskjer det. Det er berre å ta kontakt med Gausvik sjølv eller med Thor Inge Døssland så vil boka med helsing verta tilsendt i posten.

Elles er boka i salg på bokhandelen i Torghuset og på Spar-butikken her i Uskedalen.

Forfatteren har fått svært gode kritikkar for boka, og tilbakemeldingane har vore mange og gode. "Eg er ikkje så glad i dikt, men har var noko for alle sin smak. Her er både humor og alvor. Ja, det var kjekt å lesa i ho!", er eitt eksempel på desse.